

KULTURMINNEPLAN FOR ASKVOLL KOMMUNE

2019–2023



KULTURMINNEPLAN FOR ASKVOLL 2019–2023

Føreord	3
DEL 1 – BAKGRUNN FOR PLANEN	4
1.1 Definisjonar og lovgrunnlag	4
1.2 Bakgrunn for planarbeidet	5
1.3 Tidlegare kulturminnearbeid	7
DEL 2 – OVERSYN OVER KULTURMINNA	9
2.1 Kort oversyn over Askvoll si historie	9
2.2 Kulturminne frå før reformasjonen (automatisk freda)	11
2.2.1 Buplassar og aktivitetsområde	11
2.2.2 Gravminne og bautasteinar	13
2.2.3 Bergkunst	15
2.2.4 Jordfunn	16
2.2.5 Bygningar	17
2.2.6 Religiøse kulturminne	17
2.2.7 Immaterielle kulturminne	18
2.3 Kulturminne frå nyare tid	20
2.3.1 Religiøse kulturminne	20
2.3.2 Industrielle bygningar og aktivitetsspor	22
2.3.3 Fiskeri, naust og sjøbumiljø	24
2.3.4 Landbruk, kulturlandskap og gardsbygningar	25
2.3.5 Samferdsle og kommunikasjonar	28
2.3.6 Kraftstasjonar og elektrisitet	31
2.3.7 Skulehus, forsamlingshus og andre offentlege fellesbygg	32
2.3.8 Andre verdskrigen	33
2.3.9 Minnesmerke	35
2.3.10 Arkiv og fotografi	36
2.3.11 Immaterielle kulturminne	36
DEL 3 – HANDLINGSDEL	39
3.1 Mål	39
3.2 Planperiode	39
3.3 Ressursar til arbeidet	39
3.3 Prioritering av kulturminne	40
3.4 Tiltak	41
Kjelder	42
Register	43

Føreord

Kulturminna våre er bitar i det store puslespelet som utgjer historia vår. Dei er såleis viktige byggjesteinar for identiteten vår og oppfatninga av kvar vi kjem frå. Fortidas kulturminne er med oss i notida og gjev oss grunnlag for å byggje samfunnet i framtida.

Kulturminneplanen skal vere eit verktøy for forvaltninga av kulturminna i Askvoll kommune. Han vil vere eit hjelpemiddel til å prioritere mellom dei mange forskjellige kulturminna vi har frå ulike historiske periodar. Ei anna viktig side ved planen er å kartlegge og formidle kunnskap om kulturminna våre. For å få til dette er vi heilt avhengige av hjelp og friviljug innsats. Det er dei som bur i bygdene våre, som må ta det største taket for å få fram i lyset det som er verdt å ta vare på for ettertida.

Denne kulturminneplanen gjev ikkje noko særskilt juridisk vern for kommunal eller privat eigedom. Planen legg derimot opp til at enkeltpersonar, organisasjonar og andre som arbeider med kulturminne i Askvoll kommune, lettare skal kunne få tilgang til støtteordningar og midlar, og ikkje minst til rettleiing i bruk og vedlikehald. Å vere nemnt i planen vil vere ein fordel til dømes i søknadsprosessar opp mot Kulturminnefondet og andre tilskotordningar.

Dette er den første kulturminneplanen for Askvoll kommune som omfattar alle typar kulturminne, men han er langt i frå starten på kulturminnearbeidet i kommunen. Det er gjort mykje godt arbeid gjennom mange år allereie, noko som er kortfatta summert opp i planen. Å arbeide med kulturminne er ein kontinuerleg prosess, og det er eit ønskje at denne planen kan vere til hjelp og framskuv for dette arbeidet. Planen vil sette temaet på den politiske dagsorden og gjere kulturminnearbeidet til ein naturleg del av kommunen si verksemd. Planen er ein kommunedelplan og er underlagt kommuneplanen sin samfunnsdel, samt arealplanen som syner bandlagde område etter kulturminnelova. Det blir lagt opp til ei evaluering og eventuell vidareføring av planen innan fire år.

Det er landbruksforvaltninga i Askvoll og Fjaler som har hatt ansvaret for planprosessen og utarbeiding av planen, med Geir Grytøyra og Liv Synnøve Andersen som sakshandsamarar. Teksten i planen er utarbeidd av Gaute Losnegård, som også har teke dei fleste bileta. Magne Follevåg, Liv Turid Gjørøy, Lasse Vie, Kari Eikenes Helle og Kjell Eikemo har delteke i ei arbeidsgruppe som har jobba med planen.

Med ønskje om god lesnad

Håkon Loftheim
rådmann

Geir Grytøyra
kommunalsjef landbruk

DEL 1 – BAKGRUNN FOR PLANEN

1.1 Definisjonar og lovgrunnlag

Kulturminne og kulturmiljø blir i Lov om kulturminner § 2 definert på denne måten:

Med kulturminner menes alle spor etter menneskelig virksomhet i vårt fysiske miljø, herunder lokaliteter det knytter seg historiske hendelser, tro eller tradisjon til.

Med kulturmiljøer menes områder hvor kulturminner inngår som del av en større helhet eller sammenheng.

Reglene om kulturminner og kulturmiljøer gjelder så langt de passer også for botaniske, zoologiske eller geologiske forekomster som det knytter seg kulturhistoriske verdier til.

Lov om kulturminner gjev føresegner om automatisk freda kulturminne, lause kulturminne, og skipsfunn og fartøyvern. Faste kulturminne (buplassar, bygningar, spor etter åkerbruk, bergkunst, gravminne m. m.) frå oldtid eller mellomalder (fram til år 1537) er automatisk freda, det same gjeld ståande bygningar frå før 1650 og samiske kulturminne frå før 1917. Ikring automatisk freda kulturminne er det ei 5 meter brei sikringssone. Også kulturminne frå nyare tid kan få vedtak om freding i medhald av lov om kulturminner.

Inngrep i automatisk freda kulturminne må berre utførast etter løyve frå ansvarleg styresmakt. Det er høve til å nytte marka over eit automatisk freda kulturminne som beite eller innmark, dersom dette har skjedd tidlegare, men ein må ikkje utføre pløying eller anna jordarbeid djupare enn tidlegare utan særskilt løyve. Utgifter til gransking av automatisk freda kulturminne fell på tiltakshavaren, men ved mindre private tiltak skal staten dekke utgiftene dersom desse blir urimeleg tyngande for tiltakshavaren.



Gruveinngang i Grimelia



Naustmiljø i Nærvika ved Vilnes

Staten har eigedomsretten til lause kulturminne (våpen, reiskapar, bygningsrestar, skjelett, arkiv m. m.) eldre enn 1537 som kjem for dagen tilfeldig, ved funn, utgravingar eller på annan måte. Denne eigedomsretten gjeld også myntar frå før 1650, samiske kulturminne frå før 1917 og gamle båtar, skipsskrog o. l. som er meir enn 100 år gamle. Funn av lause kulturminne skal snarast mogleg meldast inn til ansvarleg styresmakt.

Plan- og bygningslova er eit viktig verkemiddel for å gje kulturminne eit juridisk vern. Mange kulturminne, også frå nyare tid, vert verna gjennom bruk av omsynssone i medhald av plan- og bygningslova, slik også i Askvoll. Ei rekkje omsynssoner er innarbeidd i arealdelen av kommuneplanen og desse er omtalt under dei aktuelle kapitla i denne kulturminneplanen.

Fleire av kyrkjene i Askvoll har status som listeførte. Dette er dei kulturhistorisk mest verneverdige kyrkjene frå tida etter 1649. I tillegg er dei andre kyrkjene og religiøse bygga i kommunen verdfulle kulturminne. Omsynet til kyrkjene sin kulturhistoriske verdi vert regulert gjennom *rundskriv nr. T-3/00: Forvaltning av kirke, kirkegård og kirkens omgivelser som kulturminne og kulturmiljø*.

1.2 Bakgrunn for planarbeidet

Gjennom handsaminga av stortingsmelding nr. 16 (2004–2005) gav Stortinget si tilslutning til desse strategiske måla innan bruk og vern av kulturminne:

Mangfoldet av kulturminner og kulturmiljøer skal forvaltes og tas vare på som bruksressurser og som grunnlag for kunnskap, opplevelse og verdiskaping.

Et representativt utvalg av kulturminner og kulturmiljøer skal tas vare på i et langsiktig perspektiv.



Klyngetun på Bakke i Holmedal

Målet med satsinga på lokale kulturminneplanar er å styrke kommunane si operative rolle på kulturminnefeltet. Satsinga er ei oppfølging av det nasjonale satsingsområdet "Kunnskapsløft for kulturminneforvaltninga 2010–2014".

I brev frå Riksantikvaren, datert 14.12.2012, inviterte Riksantikvaren fylkeskommunane til samarbeid, for å styrke kommunal kulturminneforvaltning. Der står det mellom anna:

God kulturminneforvaltning i kommunene krever kunnskap og oversikt over lokalhistorien og kulturminnene. Det er behov for styrket kulturminnekompetanse i mange kommuner, og det mangler gode oversikter over kulturminnene. Miljøverndepartementet og Riksantikvaren arbeider med et mål om kunnskapsløft for kulturminneforvaltning og har en satsing på dette som skal gå frem til 2017. Et viktig tiltak er å legge til rette for, og stimulere kommunene til å utarbeide kulturminneplaner. Kommunedelplaner for kulturminnene er gode verktøy for forvaltning av kulturminnene og vil samtidig øke oppmerksomheten og kunnskapen om dem. Riksantikvaren oppfordrer kommunene til å sette kulturminneplaner på dagsorden ved bl.a. registrering og planlegging.

Sogn og Fjordane fylkeskommune utlyste midlar til utarbeiding av lokale kulturminneplanar og lokalt registreringsarbeid. Askvoll kommune vedtok i kommunestyre 24. november 2014 å starte med utarbeiding av lokal kulturminneplan. Høyringsutkast til planprogram blei vedteke 21. juni 2017, og endeleg versjon av planprogrammet 4. oktober 2017. I planprogrammet er det lagt opp til tre prioriterte satsingsområde i Askvoll:

- fortidsminne
- bygningar
- industrihistorie

Ei kommunalt utpeika gruppe har arbeidd med kulturminneplanen. Det har blitt arrangert eitt folkemøte om planen (i Holmedal) og kommunen har teke imot innspel frå

fleire privatpersonar. For å setje fokus på formidling, lyste kommunen ut ein konkurranse blant skuleelevane på mellomtrinnet og ungdomstrinnet, som gjekk ut på å lage den beste videoen om eitt eller fleire kulturminne for publisering på sosiale media. Konkurransen fekk god oppslutning og vart løna med premie. Videoane kan ein sjå på youtube: <https://www.youtube.com/channel/UCCPXn2SowiCF235pMcZH3JQ>

1.3 Tidlegare kulturminnearbeid

Registrering av faste kulturminne i Askvoll kommune strekkjer seg tilbake til tidleg på 1800-talet. Figurane på Leirvåg på Atløyna er dei tidlegaste som er omtala i norsk bergkunst si forskingshistorie. Biskop Jakob Neumann og seinare W. F. K. Christie, som var den drivande krafta bak Bergen Museum, undersøkte ristningane i 1820-åra. Seinare har både bergkunsten og ei rekkje andre kulturminne frå førhistorisk tid i kommunen blitt kartlagt av både privatpersonar og vitskapsfolk. Gravminna på Alden blei til dømes først undersøkte av Axel Landsem, ein ingeniør som budde ei tid på øya. Helleristningane på Staveneset vart registrerte første gongen i 1943, men den store oppdagingsbølga der kom på 1970-talet. Etter blant anna tips frå grunneigarar vart det då funne og kalkert fleire ristningsfelt som gjorde området til eit av dei høgast prioriterte fornminneområda på Vestlandet. På byrjinga av 1990-talet blei området tilrettelagt for tilreisande med ein oppmerka sti mellom ein del av ristningane og gravrøysene.

Frå 1970-talet til 1990-talet blei det gjennomført eit større arbeid med registrering av eldre bygningar og andre kulturminne i Noreg. Registreringane blei førte inn i det såkalla SEFRAK-registeret. I Askvoll blei storparten av registreringsarbeidet gjennomført i åra 1988–1992. Innsamlingsskjema er i dag skanna og tilgjengeleg på fylkesatlas.no. Basert på SEFRAK-registreringane utarbeidde Asbjørn Tyssen ved Sunnfjord Museum i 1994 ein plan for vern av kulturminne for Askvoll kommune. Planen omfattar berre verneverdige bygningar.

Ein viktig bidragsytar til kulturminnearbeidet i Askvoll har vore den kommunale sogenemnda, som vart oppretta i 1947 for få gjeve ut ei bygdebok for Askvoll. I 1970-åra vart Askvoll sogenemnd sitt arbeidsfelt utvida, og innsamling av stadnamn og gamle



Modell av sjøbu i Temaparken i Bulandet



Kulturminne i Stongfjorden. I framgrunnen turbinen frå BACO sitt kraftverk, bak t. h. badehuset "Baden". I bakgrunnen t. v. kapellet og t. h. fabrikk

bilete, vegskilt for kulturminne, avskrift og utgjeving av protokollane til Bernt Askevold og tusenårsjubileet er nokre av sakene som har stått på agendaen. Sogenemnda har fram til 2018 gjeve ut i alt 23 sogehefte, slektssoge i tre bind (1971–87), allmennsoge i to bind (2009–11) og fleire andre bøker og publikasjonar.

Kulturminnearbeidet har elles i stor grad føregått grendevis gjennom lokale nemnder og organisasjonar. Det første lokale bygdemuseet var Temaparken i Bulandet, som opna i 1993 med ei samling bruksgjenstandar og bilete frå heim og yrkesliv. I Værlandet arva velforeininga i 2005 sjøbua Engelbua, der Peder Hansen hadde samla eldre ting brukt i fiskeri, jordbruk og hushald. Foreininga sette bua i stand og ho vart sidan opna som museum. I Holmedal blei eit bygdemuseum fremja som eitt av fleire prosjekt i samband med eit bygdeutviklingsprosjekt tidleg på 2000-talet. Museet opna i 2006 i det tidlegare meieriet, og har særleg fokus på industrihistoria i bygda.

I dei andre bygdene har velforeiningane arbeidd ein del med kulturminne. Gjennom det såkalla Atløyprosjektet (1998–2000) vart det utgjeve ei bok om Vilnes og kyrkja der. I Stongfjorden har bygdefolket særleg arbeidd med restaurering av Baden og den gamle trafokiosken. I det gamle skulehuset i Holeyvika har Olav Saltskår i mange år drive eit privat museum med gjenstandar særleg frå andre verdskrigen. Dette museet har han no flytta til garden sin på Staveneset. I Askvoll bibliotek er samlinga med gamle bøker etter presten Bernt Askevold samla i eit eige rom i 2. høgda.

I Askvoll sentrum blei det tidleg på 1990-talet laga til ei kultur- og naturvandringsløype, "Prestegarden rundt". I 2017 blei det opna ei ny kulturløype i same området, der fokus er målaren Anders Askevold. Løypa vart etablert i samarbeid med reiselivsorganisasjonen Fjordkysten, og har skilt som viser til kvar ein kan laste ned lyd- og videofiler. I 2018 vart det opna ei løype av same typen gjennom sentrum av Stongfjorden, med fokus på industrihistoria til bygda. Det vert arbeidd med ei slik løype også i Holmedal.

DEL 2 – OVERSYN OVER KULTURMINNA

2.1 Kort oversyn over Askvoll si historie

Askvoll er ein kommune med ei historie som på mange måtar er typisk for kyststroka på Vestlandet. Dei første menneska kom truleg hit for 10–11 000 år sidan, då isen trekte seg tilbake frå det norske fastlandet. Her levde dei som nomadar med eit levesett basert på jakt, fiske og fangst gjennom fleire tusenår.

Fastbuande jordbrukarar byrja å ta over landskapet på 2000-talet f. Kr., i første omgang på fastlandet. Landskapet vart kultivert ved at skogane forsvann og blei erstatta med lynghei og grasmark i løpet av bronsealderen. I denne perioden sette menneska spor etter seg i Askvoll gjennom monumentale gravrøyser og gåtefull bergkunst.

Gjennom jernalderen auka folketalet og mange nye gardar blei rydda. Samfunnet vart meir lagdelt, med ei organisering i større og mindre høvdingdømme. Båtar og sjøfart var ein viktig del av livet på kysten, og i Holmedal har ein funne den eldste norske båten med jernnaglar.

I vikingtida tok folk frå distriktet til å fare over havet for å busetje seg på Vesterhavssøyane. I følge to versjonar av den islandske Landnåmabok kom den første landnåmsmannen på Island, Ingolf Arnarson, frå Dalsfjorden. I Askvoll finst det fleire bautasteinar frå denne perioden. Samstundes vitnar steinkrossar om tidleg kristen påverknad vestfrå. Utover i mellomalderen vart kyrkja ei viktig samfunnsmakt, og skriftlege kjelder peikar på Askvoll, Holmedal og Vilnes som eldgamle kyrkjestader.



Ingolf Arnarson-statuen i Rivedal



Steinkross på kyrkjegarden på Vilnes

I mellomalderen tok eksporten av tørrfisk frå Bergen til utlandet seg opp, og Askvoll var blant dei områda som leverte varene. Tidleg på 1500-talet hadde fiskeværret Bulandet den sterkaste folkekonsentrasjonen i heile Sunnfjord. I indre deler av kommunen hadde jordbruket meir å seie. I 1759 blei det starta gruvedrift etter kopar i Grimelia, men drifta vart lagt ned etter få år.

Folketalet i Askvoll vart nesten dobla mellom 1801 og 1865. Auken var kraftigast i ytre strok, som opplevde tilflytting i ei tid med rikt sildefiske. I 1870-åra vart fisket dårlegare, og folketalet gjekk nedover. Samtidig vart jordbruket forbetra og meir effektivt. Skulevesenet blei utbygt, og folkerørsler som ungdomslags- og fråhaldsrørsla skapte stort engasjement.

I 1890-åra vart det starta storindustri i Askvoll. Stongfjorden fekk først torvkol- og jodfabrikk, og i 1908 kom det første aluminiumsverket i Skandinavia i gang i bygda. På Helle og i Vårdal blei det starta teglverk, og i Holmedal kom det ullvareindustri, meieri, smørfabrikk og brusfabrikk. I 1920-åra kom det så i gang fleire hermetikkfabrikkar i kommunen – i Askvoll sentrum, Sauesundet og på Laukeland (seinare Herland). I Askvoll kom det også i gang meieridrift i 1894, først i privat regi (Berentsens meieri), seinare som andelsmeieri. Industrien skapte grunnlag for auka velstand, modernisering og folkevekst.

Den andre verdskrigen med tysk okkupasjon skipla om på mykje. Som kystkommune var Askvoll ein del av forsvarslina Atlanterhavsvollen, og fleire festningar og ei rekkje krigsanlegg vart bygde. Skipstrafikken var utsett for allierte flyangrep, og mange skip forliste eller blei skadde i leia gjennom Askvoll.

Etter krigen har næringslivet i Askvoll gått gjennom ei storstila og omfattande rasjonalisering og mekanisering. Dei verksemdene som ikkje var moderne nok, laut leggje ned, og Stongfjorden var bygda som først fekk merke konsekvensane av industridauden. Andre stader i kommunen moderniserte verksemdene og stod sterkt gjennom fleire tiår. Fiskeria og jordbruket har framleis ein viktig plass i kommunen, men gjev mykje færre arbeidsplassar enn tidlegare. Folketalet i Askvoll har gått ned sidan 1950-talet, men nedgangen har stoppa opp dei siste åra.

2.2 Kulturminne frå før reformasjonen (automatisk freda)

I databasen *kulturminnesok.no* er det registrert i alt 113 kulturminne i Askvoll kommune som er eldre enn reformasjonen (1536). 109 av desse er automatisk freda etter lov, 4 er fjerna. I arealdelen til kommuneplanen er det 55 freda område som er bandlagt etter kulturminnelova. Planen inneheld fire omsynssoner med kulturminne frå førhistorisk tid: 1) Hegreneset, 2) Staveneset, 3) Sauesundet-Grov-Leirvåg og 4) Alden.

2.2.1 Buplassar og aktivitetsområde

Kor tid dei første menneska kom til Askvoll-området veit vi ikkje nøyaktig, men det er sannsynleg at det har skjedd kring 9000 f. Kr. Både matressursar og råstoff til reiskapar fanst i rikeleg monn ytst på kysten. Men dei eldste buplassane er vanskelege å finne. Ofte er dei berre merkbare som tynne, mørke jordlag under torva, med små flintbitar spreidde utover eit lite område. Dei ligg spreidd og inneheld få funn.



Skafttholøks frå Gjervika

I Askvoll er det funne i alt sju buplassar og aktivitetssområde frå steinalderen. Ein lokalitet er tidfest til eldre steinalder og to til yngre steinalder. Ein av dei sistnemnde ligg i Bakkeneset i Holmedal og er tidfest meir nøyaktig til perioden 4940–4730 f. Kr. Andre stader er det gjort lausfunn, til dømes i Værlandet og Gjervika, av steinøksar frå perioden.

Menneske i steinalderen budde for det meste på stader som låg i ope terreng, anten i enkle telt eller hytter, men dei oppheldt seg også i hellerar og hòler i fjellet. På slike plassar er det lite væte og gode bevaringsforhold for bein, skjel og reiskapar, slik at arkeologar lett kan finne spor etter menneskeleg aktivitet i jorda. I Askvoll er det funne spor etter buplassar i hellerar og hòler fire stader. Ingen av dei er grundig undersøkte, men i fleire av hellerane er det gjort funn som tyder på busetnad tilbake i steinalderen. Andre funn er yngre og stammar frå bronse- eller jernalder.



Menneska lærte seg å meistre elden allereie for fleire hundre tusen år sidan. Fleire stader i Askvoll er det funne spor etter eldstader, og tre av dei er meir nøyaktig daterte, to lokalitetar på Staveneset (eldre bronsealder, 1690–1570 f. Kr.) og ein på Stong inst i Stongfjorden (romartid, 260–300 e.Kr.).

Ved byrjinga av vår tidsrekning var jernet kome i vanleg bruk på våre kantar, men også ymse steinslag fekk utvida bruksområde i jernalderen, ikkje minst kleberstein. I Trevollhammaren på Tvibyrge er eit kleberbrot der det syner spor etter uttak av stein.

På 2000-talet f. Kr. veit vi frå funn andre stader at husdyrhaldet tok seg opp og det kom i gang korndyrking på Vestlandet. I Askvoll er det hittil ikkje funne så gamle spor etter jordbruk, men det er funne dyrkingsspor på Stong både frå eldre bronsealder (datert til 1620–1440 f. Kr.) og yngre bronsealder (datert til 840–780 f. Kr.). På Bakkeneset i Holmedal er det funne to åkerlag der det eldste er datert til 360–120 f. Kr. (førromersk jernalder) og det yngste til 430–600 år e. Kr. (folkevandringstida).

2.2.2 Gravminne og bautasteinar

Omkring 1500 f. Kr. tok ein til å byggje store gravhaugar og –røyser over dei døde langs Norskekysten. Ved inngangen til jernalderen (omkring 500 f. Kr.) vart gravminna meir beskjedne. Seinare tok skikken med å byggje rike gravminne seg opp att, og frå byrjinga av vår tidsrekning blei det stadig vanlegare å leggje ting som våpen, arbeidsreiskapar og ulike verdfulle gjenstandar i gravene.



Gravrøys på Staveneset

Gravrøyser og -haugar i Askvoll



I Askvoll finst det svært mange førhistoriske gravrøyser og -haugar, i alt 105 registrerte lokalitetar. Dei fleste ligg konsentrerte i nokre område – på Alden, på sørsida av Atløyna, i og rundt Askvoll sentrum, i Holmedal, på sørsida av Stavenesodden og ved Hegreneset i Kvammen. Gravene er ikkje tilfeldig plasserte. Mange av dei ligg ved sjøen, på stader godt synlege frå og med godt utsyn til skipsleia. Det finst gravminne av fleire ulike typar og storleikar, både haugar, runde røyser og langrøyser.

Berre eit fåtal av gravminna i Askvoll er blitt opna og undersøkte under leing av arkeolog. Dei fleste gravene manglar såleis eksakt datering. Dei fleste vi kan knyte funn til, er frå jernalderen, berre ei røys med funn kan daterast til bronsealderen. I Holmedal vart ei røys opna i 1926 og der viste det seg å liggje restar av ein båt med hud og kjøll av eik på minst 33 fot. Funnet er seinare datert til siste delen av folkevandringstida (490–660 e. Kr). Båten er den eldste kjende i Norge utstyrt med jernnaglar.



Båtfunn frå folkevandringstida i Holmedal




Bautastein i Rivedal

Ein annan type gravmarkeringar er bautasteinar, som førekjem som gravminne gjennom heile jernalderen fram til kristen tid. Frå folkevandringstida og vikingtida finst det dessutan bautasteinar som ikkje markerer graver, men som er sette opp som minnesteinar. I Askvoll finst det sju registrerte bautasteinar frå førhistorisk tid – på Alden, Vilnes, i Holmedal og Rivedal. Fleire av dei er reiste att i nyare tid, så det er uråd å seie sikkert kvar dei har stått tidlegare. I lokal tradisjon har det blitt hevda at bautasteinen i Rivedal er sett opp til minne om Ingolf Arnarson, mens bautasteinen i Kleppeneset er til minne om fosterbror hans, Leiv. Men det er liten grunn til å tru at munnlege tradisjonar i Askvoll-området går heilt tilbake til 800-talet. Dei tre steinane på Vilnes kyrkjegard kan ha markert eit mogleg gravfelt ved tunområdet.

2.2.3 Bergkunst

Dei kanskje mest kjende fortidsminna i Askvoll er helleristningane – også kalla bergkunst – som vi finn på Stavenesodden og på sørsida av Atløyna. Bergkunsten på Staveneset er fordelt på i alt tolv felt, dei fleste i nærleiken av Råneset som er sørlegaste punktet på Stavenesodden. Felta her inneheld i alt 137 ulike figurar. Bergkunsten på Atløyna ligg ved Leirvåg, og er fordelt på i alt seks felt – tre ved Leirvågneset og tre ved Ytste Naustvikja om lag ein kilometer lenger vest. Totalt er det oppdaga 89 figurar i desse felta.





Vognfiguren på Staveneset

Dei fleste figurane både på Atløyna og Staveneset har båtar som motiv. Den nest største gruppa av ristningar er groper, som er skålforma fordjupingar hogde inn i fjellet. Den mest spesielle figuren som er funnen er ei tohjula vogn med kusk og to hestar spent føre. Vognfiguren på Staveneset er eit særstykke i Norge og næraste parallell finst i Skåne. Bergkunsten i Askvoll er vanskeleg å datere, men er tolka til å vere laga hovudsakleg midt i bronsealderen.

Det finst mange ulike tolkingar av bergkunsten. Gro Mandt tolkar ristningane i Askvoll som eit uttrykk for ein sentralheilagdom i Sunnfjord i bronsealderen. Ho peikar på at folk frå funnrrike bygder i indre Sogn kan ha brukt ristningsberga her som heilagstad og samlingsplass. Kanskje laga dei båtfigurane for å markere eigedomsrett til territoriet med fiskeplassar, beitemarker, åker- og fjellvidder. Melanie Wrigglesworth knyter bergkunsten saman med dei nærliggande gravrøysene som del av eit gravrituale og ein forfedrekult.

Bergkunsten i Askvoll er utsett for slitasje og nedbryting, og arkeologar har fleire gonger på 2000-talet utført vedlikehaldsarbeid og førebyggjande tiltak.

2.2.4 Jordfunn

Opp gjennom åra er det gjort ei rekkje lausfunn av gjenstandar frå førhistorisk tid i Askvoll. Dei fleste tinga som er registrerte og innleverte finst i samlingane til Bergen Museum. Eit søk i den arkeologiske hovudkatalogen til museet gjev 110 treff på gjenstandar som er funne i Askvoll kommune innanfor dagens kommunegrenser. I Gjelsvika, Straumen, Holmedal og Rivedal er det gjort større gravfunn.



Mellomalderbua på Ringstad

2.2.5 Bygningar

Det finst ein bygning i Askvoll som ein reknar med er frå før reformasjonen, og som såleis er automatisk freda. På Ringstad står *ei bu av tømmer* med to etasjar som truleg er frå seinmellomalderen. Bruksområdet kjenner vi ikkje, men frå andre stader veit vi at ei bu ofte vart nytta som gjestehus, somme tider til å oppbevare mat og klede. Ei bu hadde vanlegvis ikkje eldstad og difor ikkje ljore. Berre i sjeldne tilfelle hadde bua to etasjar, som den på Ringstad. Men i bua her er underetasjen annleis bygd med grovare tømmer enn øvste etasjen. Loftet kan såleis vere bygt på seinare. Bua vart på 1980-talet flytta over tunet på garden med heisekran. Det er seinare bygt eit skal av nye vegger rundt bua. Bygget er medteken i "Askvoll kommune. Plan for vern av kulturminne" frå 1994 (s. 31) på lista over objekt som kjem inn under verneklasse A.

2.2.6 Religiøse kulturminne

På 900-talet tok kristendommen til å få fotfeste her i landet. Det eldste kulturminnet vi har i Askvoll i tilknytning til den nye trua er steinkrossen som står på kyrkjegarden på Vilnes. Han er liksom krossen i Korssundet hogd i granatglimmerskifer og kjem sannsynlegvis frå steinbrota i Hyllestad. Kanskje har han vore eit samlingspunkt der dei heldt gudsteneste før det blei reist kyrkje på Vilnes.

Askvoll, Holmedal og Vilnes er gamle kyrkjestader med røter tilbake i mellomalderen. Ingen av kyrkjene som står i dag er frå før reformasjonen, men dei tre kyrkjegardane er automatisk freda som mellomalderkyrkjegardar og er også omsynssoner i kommuneplanen sin arealdel, utan at dette betyr at gravene er freda. Alle kyrkjene er nemnde i Bergens Kalvskinn, som truleg har opplysningar herifrå området frå ca. 1310–20. Prestane i Askvoll og Holmedal er første gong nemnde i nokre dokument frå 1305–06. Den gamle altarfrontalen frå Vilneskyrkja finst hjå Kulturhistorisk museum i Oslo. Han er datert til midten av 1200-talet. Også den tidlegare altartavla i Holmedalskyrkja, som finst i samlingane til Bergens Museum, stammar mest truleg frå mellomalderen.

2.2.7 Immaterielle kulturminne

Forutan dei materielle kulturminna som er registrerte finst dei ei rekkje kulturminne som lyt reknast til den immaterielle delen av kulturarven frå eldre tid. Blant desse er *stadnamna* viktige. Ulike typar stadnamn kan ofte knytast til ulike periodar med rydding av gardar, sjølv om ein skal vere varsam med å overføre generelle dateringar til lokalsamfunna.

Til dei aller eldste stadnamna reknar vi dei usamansette naturnamna i ubunden form, som vi har mange av i Askvoll – Ask, Nes, Spor, Grov, Mork, Vik, Slok og Kvam (det gamle namnet på Askvoll prestegard). Ein del av dei usamansette gardsnamna har halde på gamle kasusformer, slik at dativforma har vorte ståande. Dette gjeld Grane, Gjerde, Kumle, Bakke, Boge og Helle. Vidare har vi ei rekkje usamansette namn i bunden form, som helst vert rekna for å vere yngre enn dei i ubunden form: Lia, Fjellet, Straumen, Fisma, Kvammen, Åla, Åsen, Skorva, Tveita, Vågane, Jelsa og Alden.


Dei samansette namna deler ein gjerne inn i ulike namneklassar som det til ein viss grad let seg gjere å tidfeste. Gardsnamn som endar på -heim (Loftheim og Vindheim) høyrer stort sett heime i dei første fem–seks hundreåra av vår tidsrekning, mens namn som endar på -land (Laukeland, Herland, England, Håland og Osland), -stad (Yndestad, Fristad, Ringstad, Blakstad og Vagstad) og -set (Liset, Helleset, Mjåset, Unneset og Sætre) er yngre.

Stadnamna i Askvoll er samla, kategoriserte og tolka av Kåre Flokenes i boka *Stadnamn i Askvoll* frå 1999. Namna finst også tilgjengeleg på digitale kart (www.fylkesatlas.no).

Vel 60 av gardane i Askvoll er nemnde i Bergens Kalvskinn og ymse andre mellomalderdokument. Men det finst også mykje annan eldre litteratur som fortel om segnomspunne hendingar og personar i Askvoll, først og fremst i vikingtida. Landnåmabok knyter Ingolf Arnarson til området men fortel også om utvandrarar Kolbein Atlason Klakkhovde frå Atløyra. Ei rekkje bokverk nemner slaget på Stavenesvågen mellom Atle jarl og Håkon jarl Grjotgardsson og møtet mellom Olav den heilage og Håkon Jarl i Sauesundet i 1015. Dessutan har Egilssoga – ei av dei mest kjende islendingesogene – ein lengre passus der hovudpersonen kjem opp i dramatiske omstende på Atløyra.

Gardsnamntypar i Askvoll

- usamansette naturnamn (svært gamle)
- -heim (romartid, folkevandringstid)
- -tun (romartid, folkevandringstid)
- -land (folkevandringstid, vikingtid)
- -stad (vikingtid)
- -set (vikingtid)
- andre namn



2.3 Kulturminne frå nyare tid

I SEFRAK-registeret (*SEkretariatet For Registrering Av faste Kulturminner*) kan ein finne i alt 1053 objekt i Askvoll kommune. Dei fleste er bygningar frå tida etter reformasjonen og er ikkje automatisk freda. I tillegg finn vi ei rekkje bygningar og andre kulturminne frå nyare tid som ikkje er registrerte på nokon måte.

2.3.1 Religiøse kulturminne

Som nemnt under punkt 2.2.6 er ingen av kyrkjene i Askvoll eldre enn reformasjonen, men kyrkjegardane i Holmedal, Askvoll og på Vilnes er freda som mellomalderkyrkjegardar.

Den eldste kyrkja i kommunen er Vilnes kyrkje frå 1674, som vart bygd etter at ei eldre kyrkje brann ned på grunn av lynnedslag. Vilnes kyrkje er ei klassisk tømmerkyrkje med 130 sitjeplassar. Ho vart restaurert i 1950-åra under leiing av arkitekt Johan Lindstrøm. Alle tak vart fornya og tak, vegger og golv blei isolerte. Den gamle stilen er godt ivareteken, og interiøret er mykje i trekvitt, med unntak av det gamle inventaret og dei innebygde kyrkjebenkene som er måla i grønt og raudt. På sørsida i skipet står *Korssundstolen* frå 1730-talet som høyrde til gjestgjevaren i Korssund. Fremst på nordsida i skipet står *Vilnesstolen* som kan ha vore der bonden på Vilnes-garden sat. Kyrkja er listeført, det vil seie at alle tiltak for istandsetjing og vedlikehald skal godkjennast av Riksantikvaren.



Vilnes kyrkje

Dei nest eldste kyrkjene i kommunen er dei to langkyrkjene i Askvoll og Holmedal frå høvesvis 1863 og 1868. Kyrkja i Askvoll kom opp etter at den førre brann ned då lynet slo ned i ho berre 2½ år etter bygginga i 1859. Før det stod det ei kyrkje frå 1604 på same staden. Askvollkyrkja er teikna av kunstmålaren Anders Askevold, som også har måla altartavla. Kyrkja vart seinast restaurert i 2013–14 etter det vart oppdaga svikt i grunnen. Vernestatus er uavklart.

Holmedal kyrkje erstatta ei tidlegare kyrkje på same staden som vart bygt i 1600 og riven i 1867. Også denne er listeført. Ho er teikna av arkitekt Chr. Christie og har ein del gammalt utstyr, mellom anna ei kyrkjeklokke frå 1581 og ein messehakel frå 1600-talet som skal vere laga av prestedottera Ingeborg Andersdotter Grytten. Altartavla er frå kring 1620 og er rikt ornamentert. Orgelet i kyrkja er eit av få som framleis er i original stand som er laga av orgelbyggjaren Claus Jensen. Det stod tidlegare i Sandviken kyrkje, der Lars Søråas d. e. var organist, og truleg har blant andre melodien til "Den fyrste song" av Per Sivle blitt laga ved hjelp av dette orgelet. Kyrkjebygget har i 2019 stort behov for vedlikehald.

Ved sidan av dei tre eldste kyrkjene finst det bedehusapell i Bulandet (1905), Stongfjorden (1908) og Værlandet (1960), og kapell i Kvammen (1977). Bulandet, Stongfjorden og Kvammen er oppførte som omsynssoner i kommuneplanen sin arealdel. Bygningane i Bulandet og Stongfjorden er i tre, mens bygget i Værlandet er reist i teglstein og kapellet i Kvammen i betong og teglstein. Sistnemnde er ei moderne utforma arbeidskyrkje medan dei tre andre er bygde i ein meir tradisjonell stil.

Bulandet hadde tidlegare eit kapell som stod på øya Gjelsa. Det er nemnt første gongen i 1567 og kan ha vorte sett opp så tidleg som på 1400-talet. Kapellet vart restaurert omkring 1700, det er tvil om det vart nybygd då. Nokre meiner at det første kapellet stod på Kyrkjeøyna eller Sandøyna og at det blei erstatta med eit nytt på Gjelsa kring 1700. Kapellet vart rive i 1813.



Forutan kyrkjene og kapella finst det fire bedehus i Askvoll kommune – på Ask (1925), i Holmedal (1934), på Kumle (1963) og på Olset (1993). Bedehuset på Olset erstatta eit tidlegare bedehus same staden bygt i 1931. Bedehuset på Ask er no gått over til andre føremål.

Kommunen har også fire gravplassar utan kapell eller kyrkje på plassen – i Gjelsvika, Vågane, Værlandet og Bulandet. Her finst det berre enkle klokketårn. På kyrkjegardane i kommunen finst ei rekkje eldre graver, nokre av dei med dekorerte smijernskrossar.

2.3.2 Industrielle bygningar og aktivitetsspor

Som nemnt i innleiinga kan industrihistoria i Askvoll førast tilbake til 1759, då eit sameige fekk kongeleg privilegium til å drive gruvedrift i Grimelia. Gruva vart i første runde driven fram til 1776. I 1854 kom drifta i gang att, no i større målestokk med eiga smeltehytte og eit gruvesamfunn med over hundre fastbuande. I 1880 gjekk koparverket konkurs og vart nedlagt. Siste perioden med gruvedrift var i åra 1916–20. Det vert framleis vurdert om det er lønsamt å ta ut malm i Grimelia. Dei siste undersøkingane i gruva skjedde i 2014.

Dei fysiske etterlevningane frå gruvedrifta i Grimelia består av gruvegangar, slagghaugar og restar av utstyr, til dømes deler av taubana som vart sett opp under første verdskrigen. Av bygningar knytt til drifta er det ingen att.

I "Askvoll kommune. Plan for vern av kulturminne" frå 1994 (s. 33) står gruveanlegget i Grimelia på lista over objekt som kjem inn under verneklasse A, altså fredingsverdig etter kulturminnelova. Området er omsynssone i kommuneplanen sin arealdel.

Det finst også to andre lokalitetar i Askvoll der det har vore gruvedrift i mindre omfang. På Haugsneset ved Gjervika tok dei ut svovelkis i 1860-åra og i Vågeskaret blei det drive prøvedrift med utvinning av kopar i midten av 1870-åra. Begge stader er det synlege spor i terrenget etter drifta.



Slagghaug ved gruvene i Grimelia



Frå "Gata" i Stongfjorden tidleg på 1900-talet.

Stongfjorden utvikla seg til ei reindyrka industribygd etter at British Aluminium Company (BACO) overtok dei tidlegare fabrikkane i bygda og sette i gang aluminiumsverk. Fabrikken bygde eigne arbeidarbustader oppe på Småbakkane, den såkalla "Gata" og dreiv dessutan skulen i bygda frå 1918. Direktøren og ingeniøren ved verket hadde sine eigne, staselege villaer eit stykke unna og hadde eiga tennisbane. Verket var i drift til 1945. Seinare overtok knivfabrikken i Holmedal anlegget og dreiv ei tid ei avdeling her.

Fabrikkbygningen, tennisbana og mange av bustadhusa frå industriperioden i Stongfjorden er framleis i bruk. Av dei fem husa i "Gata" står det igjen eitt. Dessutan er "Baden" – badet som fabrikken bygde til arbeidarane, restaurert. Ved "Baden" står også ein turbin frå BACO sin kraftstasjon som er sett opp som eit minnesmerke ved vegen. Andre kulturminne knytt til industrien i Stongfjorden er skyssbåten "Stangfjord" (sjå punkt 2.3.3), ein transformatorstasjon og fleire dammar (sjå punkt 2.3.6).

I "Askvoll kommune. Plan for vern av kulturminne" frå 1994 er det gjort framlegg om å utarbeide ein reguleringsplan for sentrum i Stongfjorden der mest mogleg av busetnaden blir definert som spesialområde med føremål vern (s. 37). Området er oppført som omsynssone i kommuneplanen sin arealdel.

Helle og Vårdal med sine teglverk var ikkje så reine industribygder som Stongfjorden – mange av arbeidarane dreiv eit lite småbruk ved sidan av. Teglverka vart moderniserte etter krigen, men produserte for ein vanskeleg marknad. Teglverket i Vårdal blei lagt ned i 1971. Produksjonen på Helle heldt fram til 1976.

Det er få spor att etter teglverka i dag. Teglverket i Vårdal vart rive i 1991 og er i dag lagt ut til turistområde. Berre ein bygning på kaia, der det tidlegare var bakeri og lager, står att og vert nytta som pub og selskapslokale. Teglverket på Helle skulle etter planen bli

eit nasjonalt informasjons- og dokumentasjonssenter om teglindustrien, men brann ned til grunnen i 1993. I dag er det stort sett berre ruinar att på området, som er delvis sterkt overgrodd. Eit lagerbygg ved kaia står framleis, det same gjer styrarbustaden i nærleiken. Nabobedrifta Klausen Mekaniske, som i mange år var hjørnesteinsbedrifta i Askvoll kommune har fleire store industrihallar som har vorte nytta til lager etter at aktiviteten blei innstilt i 2009. Litt lengre aust, også ved sjøen, ligg den første verkstaden til Klausen frå 1947.

I Holmedal er knivprodusenten Helle Fabrikk i full verksemd i fabrikk ved kaien som opphavleg blei sett opp som smørfabrikk i 1900, og som seinare er bygt på fleire gonger. Ved kaien er det innreia pub i det tidlegare bakeriet, og den gamle bakaromnen er nyleg restaurert. Meieribygget frå 1934, der det var drift fram til 1962, er no laga til som bygdemuseum med ei utstilling som i stor grad fokuserer på industrihistoria til bygda. Ved Trollefossen står framleis ein del av fabrikkbygningen, ei pipe og restar av kraftanlegget til Trollefossen Uldvarefabrikk. Området kring Trollefossen er oppført som omsynssone i kommuneplanen sin arealdel.



Restar av kraftanlegget ved Trollefossen i Holmedal

Hermetikkfabrikken i Askvoll vart rusta opp i 1974 og var i drift til 1993. Kort tid før nedlegginga vart det laga ein videofilm som dokumenterte drifta. Bygget står framleis, men det er planar om å rive det og byggje leilegheiter på eigedommen. Krabbefabrikken på Herland var i drift til nyleg, men store delar av anlegget blei brannskadd i 2016.

2.3.3 Fiskeri, naust og sjøbumiljø

Fiskeri har vore hovudnæringa for ein stor del av menneska i Askvoll så lenge her har budd folk. Særleg Bulandet er eit utprega fiskevær der det har komme tilreisande fiskarar frå mellomalderen av, kanskje lenger tilbake. Det finst mange kulturminne knytte til fiskeria i kommunen. Dei fleste finn vi naturleg nok ytst i øyane der næringa framleis er viktig.



Sjøhusmiljøet i Hamna på Værlandet

Busetnaden i Bulandet er spreidd på mange øyar som ligg langs tronge sund og vågar. Her finst ei rekkje sjøhus, rorbuer og naust som er i bruk, nokre av dei vert leigde ut til turistar. Dei fleste er moderniserte eller ombygde. I det gamle skulehuset i Bulandet er det laga til eit bygdemuseum, Temaparken, som har både ei permanent utstilling og ei som skiftar tema. Fiskeri er eit av fleire tema i den permanente utstillinga.

Inst i Hamna på Værlandet finn vi i alt ni eldre sjøhus/buer som står fram som eit unikt sjøhusmiljø. Eit av sjøhusa er Engelbua Museum som er innreidd som museum. Sjøhuset vart bygt i 1912 og var i aktiv bruk fram til 2000. Her finst ei samling gjenstandar brukt i fiskeri, jordbruk og hushald på 18- og 1900-talet. Området kring Hamna på Værlandet er oppført som omsynssone i kommuneplanen sin arealdel, med eigne føresegner. Det er mellom anna ikkje lov å rive bygg eller endre fasadar på annan måte enn tilbake til originalen.

Også andre stader i Askvoll kommune finn vi miljø med fleire naust og/eller sjøbuer. Dei fleste slike bygningar er av tre, men i Liavika vest for Grimelia finn vi eit naust som er bygd i naturstein. I SEFRAK er det registrert i alt 163 naust, sjøbuer, sjøhus og liknande i Askvoll kommune. I tillegg er det registrert 17 ruinar av naust og sjøbuer etc.

2.3.4 Landbruk, kulturlandskap og gardsbygningar

Landbruk var tidlegare hovudnæringa i Askvoll ved sidan av fiskeri. I Askvoll dreiv mange dei to næringane i kombinasjon, så fiskarbonden var godt representert i kommunen, særleg ytst på kysten. I 1960 sysselsette primærnæringane framleis over halvparten av dei yrkesaktive i Askvoll, men seinare har dette gått sterkt tilbake etter som næringane har blitt meir maskinelle og effektive. Rasjonaliseringa i landbruket med større einingar og overgang til store haustingsreiskapar set sitt preg på landskapet.



Husmurar i Skorvebotnen

Mange teigar som tidlegare vart hausta eller beita som ein del av kulturlandskapet, ligg i dag brakk eller gror att med kratt og småskog. Somme stader kan vi finne murar etter tidlegare hus og steingardar som ikkje lenger er i bruk. Eit døme på ein fråflytta husmannsplass der det er slutt på innhaustinga finn vi i Skorvebotnen nordaust for Øyravatnet.

I rapporten *Kulturlandskap og kulturmarkstypar i Askvoll kommune* presenterer Turid Helle 18 typeområde frå Askvoll: Sandøy, Tvibyrgje og Smelvær (øybruk), Raudøy (torvhei), Herland (beitebakkar), Vilnes (urterike slåtteenger), Askvika – Eidsfjorden (heilskapleg kulturlandskap), Størdal (beitebakkar og lynghei), Stong (hasselhage), Mjåset (svartorhage), Grimeli (lynghei), Hålandsstølen og Rivedalsstølen (fjellstølar), Eikenes (risingsli og gråorhage), Storevik (hagemark med furu), Gjelsvik (jordnøtt- og strandeng), Fossedal (fjellgardar og husmannsplassar) og Kvammen (einerhage). Sidan denne rapporten kom i 1990 må ein rekne med at redusert bruk av kulturlandskapet og attgroing har auka i dei ulike typeområda. Scilla verna eller kystblåstjerne er ein sjeldan kulturlandskapsblome som finst nokre få stader ytst på kysten, deriblant i Bulandet. Tvibyrgje og Fossedalen er oppførte som omsynssoner i kommuneplanen sin arealdel.

På gardane i Askvoll finst det ei rekkje bygningar og bygningsmiljø som har kulturhistorisk interesse. I SEFRAK er det registrert i alt 310 våningshus, bustadhus, stover og liknande i Askvoll kommune. Dei fleste står på gardsbruk. Vidare er det registrert i alt 340 ulike typar uthus (eldhus, løer, fjøs, driftsbygningar, stabbur etc.). Av ruinar er det registrert 43 av bustadhus og 129 av uthus i kommunen.



Holmedal gard

Dei fleste gardane i kommunen var små, men her fanst også døme på stordrift så tidleg som på slutten av 1800-talet. Holmedal gard vart overteken av amtsagronom Ellend Eide i 1874 og i 1889 av bergensaren Johan Jenssen. I Eide si tid vart det drive jenteskule her og på garden står framleis eit stort våningshus og ein stor fjøs frå denne tida. Ein annan gard som høyrde til framståande samfunnsborgarar er Røyset, som lenge var lensmannsgard i Askvoll. Røyset står i dag fram som døme på eit historisk gardstun der fleire ulike typar bygningar, godt vedlikehaldne, er samla. Også på Nedre Tveit i Holmedal finn vi eit gardstun med eldre, velhaldne bygningar samla i ein heilskap.

Utsiftingane seint på 1800-talet og tidleg på 1900-talet braut opp og fjerna den tidlegare så vanlege gardsstrukturen med eitt fellestun for fleire bruk. Men somme stader, der utsiftinga skjedde tidleg, har bygningane blitt ståande slik at tunstrukturen framleis eksisterer. Dette er tilfelle på Bakke i Holmedal, der fire bruk har husa tett samla.

Langs kysten nytta fiskarbøndene små holmar og øyar til beite, men ein dreiv ikkje stølsbruk i tydinga seterdrift slik det var vanleg inne i fjordane. Gardane inst i Stongfjorden, langs Førdefjorden og i Holmedal og Rivedal har stølar med stølshus. Mange av stølshusa blir nytta til fritidsbruk og er godt vedlikehaldne. Askvoll har også nokre veglause fjellgardar (Fjellet, Lia og Fossedalen) som i dag er fråflytte og som er lite prega av moderne inngrep.

Kverner til maling av korn var vanleg på gardane i Askvoll som elles. I nyare tid er det restaurert fleire kverner, mellom anna i Gjelsvika og Løvika. Frå det gamle bondesamfunnet i Askvoll er det bevart ei rekkje bruksgjenstandar, både i privat regi, i dei ulike bygdemusea og i Sunnfjord Museum i Movika. Temaparken i Bulandet har til dømes ei brurekrune og gamle klede.



Traktor av typen "Vestland", produsert av Brødrene Klausen tidleg på 1950-talet.

"Askvoll kommune. Plan for vern av kulturminne" frå 1994 (s. 31–36) reknar opp fleire objekt knytte til landbruket som er frå nyare tid (etter reformasjonen) og som kjem inn under verneklasse A, altså fredningsverdig etter kulturminnelova. Desse er 1) gardsanlegg Fjeldet, 2) gardsanlegg Tveit, 3) stølsanlegg Tveit-Hålandsstølen, 4) bualoft Indre Håland og 5) husmannsplass Sellevold. Objektene er omfatta av omsynssoner i kommuneplanen sin arealdel.

For bygningar i verneklasse B i planen frå 1994 gjeld planføresegner tilsvarande som for verneklasse A. Ved søknad om endringar eller riving av slike bygningar, eller ved søknad om tiltak som kan påverke bygningen sin kulturminneverdi, skal det vurderast om det skal leggjast ned byggje- og deleforbod, jamfør plan- og bygningslova §13-1, med påfølgjande utarbeiding av reguleringsplan med siktemål bevaring.

Øyra, eit fritidsområde i Askvoll sentrum som tidlegare var husmannsplass under prestegarden, er drege fram som bevaringsverdig frå lokalt hald. På området, som kommunen eig, står ein eldre bygning, og velforeininga i Askvoll har uttrykt ønskje om å ta vare på bygget, få dokumentert historia og bruke dette i formidlingsarbeid.

2.3.5 Samferdsle og kommunikasjonar

Det finst ei rekke kulturminne i Askvoll knytte til samferdsle og kommunikasjonar både på sjø og land. Eit av dei eldste er truleg restane av det som kan ha vore ei vetevakthytte på den 326 m høge Vetten på Atløyna. Her er mura med stein på toppen der det er fri sikt på langt hald både sørover og nordover. Under førebuingane til Den store nordiske krigen gjekk det i 1707 ut kongeleg befaling om å delta i bygging av vedvarde på Atløyna, og det kan tenkjast at desse spora stammar frå den tida.



Geita fyr

Innanfor kommunegrensene har det tidlegare vore to bemanna fyrstasjonar – Geita og Raudøy. Geita fyr, som vart tend første gongen i 1897, er i dag vedtaksfreda som det einaste fredingsobjektet i kommunen. Lyktehuset har ei særprega utforming med ein høg og spiss kuppel, den einaste i sitt slag i Norge. Fyrstasjonen på Geita omfattar bustad, fyr, uthus og maskinhus, fjøs og naust. Her budde fyrvaktar med familie fram til 1957. Fyret vart automatisert i 1982. I kommunen finst i alt 16 fyrlykter utanom Geita og Raudøy.

Hamnene i Askvoll er omtala heilt tilbake til mellomalderen. Birkebeinarane skal ha brukt Hindøyna som hamn for skipa sine i 1206. Av hamneanlegg er det bygt fleire i Askvoll i løpet av dei siste hundre åra. Det som kanskje er minst prega av seinare inngrep, er anlegget ved Sandøyna, fullført med molo, vassverk og allmenningskai i 1946. Dei siste åra har det ikkje budd folk fast i Sandøyna, som manglar vegsamband med resten av Bulandet.

Av eldre båtar frå Askvoll kan særleg nemnast Bakkejekta, som i dag er utstilt på Kystmuseet i Florø. Denne 30 fots jekta, som truleg vart bygd kring 1750 av Sjur Vindheim, er den eldste som museet eig og truleg den eldste bevarte båten i Norge. Partslaget Bakkejekta med entusiastar frå begge sider av Dalsfjorden, fekk i 2006 bygt ein kopi av båten, som vert nytta til ulike aktivitetar kvart år og som om vinteren blir lagra i eit naust på Bakke i Holmedal.

Eit anna veteranbåtmiljø finn vi i Stongfjorden i tilknyting til skyssbåten "Stangfjord". Det var fabrikkjen som fekk bygt båten i 1933 og han vart nytta i alle slags oppdrag for folk i Stongfjorden, til dømes ved konfirmasjonar, gravferder og kommunale møte i Askvoll og ved sjuketransport til Florø. "Stangfjord" vart døypt på ny ved tilbakekomsten til heimbygda i 2016 og det er no eit eige veteranbåtlag som tek seg av den vidare restaureringa. Det skal no byggjast kai til "Stangfjord" i Stongfjorden. Kaien skal vere til allmenn bruk.



Rogavlen "Makrelen"

Det finst ei elles ei rekkje eldre båtar i Askvoll som er restaurerte og i bruk til ymse føremål i kommunen. Mellom andre kan nemnast den 28 fots rogavlen "Makrelen", bygt kring 1930 i Hardanger, som blei pussa opp av ungdomsskuleelevar på Værlandet og som har vorte brukt som seglbåt med base i hamna der.

Askvoll har ein stor skjergard med mykje skipstrafikk, og mange båtar har forlist her opp gjennom historia. Det finst i alt 14 skipsvrak registrerte i databasen *kulturminnesøk.no*. Eitt av dei, "Provessen", ligg ved Ålaneset på grunt vatn med storparten av skroget synleg. Dei andre vraka er ikkje synlege over havflata.

Tre av skipsvraka er eldre enn hundre år (rekna etter byggjeår) og såleis automatisk freda. Det gjeld "Pierre et Adolphe", forlist i 1871 ved Franskmannsnakken ved Bulandet, "Ramfos", bygt 1907, som forliste 1917 vest av Sandøyyna og "Orm Jarl", bygt 1888, som forliste i 1919 nordaust for Alden. Seks av dei andre vraka er skip som gjekk ned under andre verdskrigen eller i samband med miner frå krigen.

Det eldste funnet etter marine aktivitetar i Askvoll er eit funn på hamneområdet i Sauesundet registrert av Bergens Sjøfartsmuseum. Funnet bestod av diverse fragment av raudgods (enkelte frå før 1600-talet), og fragment av to munnblåste blyglasflasker frå starten av 1800-talet. Funnet er automatisk freda. Sauesundet var frå midten av 1600-talet handels- og gjestgjevarstad og frå 1741 fast tingstad i Askvoll. Skipstrafikken her har såleis ei lang og omfattande historie (jf. også punkt 2.2.7).

Utbygginga av moderne vegar i Askvoll tok til på slutten av 1800-talet. Det finst fleire døme på eldre, smale og svingete vegar med grusdekke og stabbesteinar, for eksempel vegen opp "Brekka" i Løvika. I Rivedal er ein del av den gamle vegen gjennom bygda tilrettelagt som turveg.



Den gamle ridevegen over Osland frå Stongfjorden til Vågane

Den eldste offentlege landevegen i Askvoll var ridevegen frå Vågane over Osland til Stongfjorden, som vart bygt på slutten av 1700-talet. I 1862 vart han nedlagt som offentlig veg. Murane i ein eldre veg på denne strekninga er framleis råd å finne ved Håkleiva nord for Stongsvatnet.

2.3.6 Kraftstasjonar og elektrisitet

Den første kraftutbygginga i Askvoll tok til i samband med første industrien i Stongfjorden i 1897. Ni år seinare kom det ei større utbygging i samband med aluminiumsverket i bygda. Då vart det bygt demningar ved Stongsvatnet, Oslandsvatnet, Botnastølsvatnet og Svelivatnet forutan ein 350 m lang vass tunnel, røyrgate, røyrleidningar og kraftstasjon. Stongfjord kraftverk er framleis i drift i dag i modernisert utgåve.

Dammen ved Botnastølsvatnet er 40 meter lang og på det høgaste seks meter. Den opphavlege dammen, som sto ferdig i 1908 og som berre er delvis synleg, var ein dobbel murdam i ni meters breidde med torvtetting. Dammen er typisk for si tid og har status som statleg listeført – det vil seie at han vert sett på som eit verneverdig kulturminne av staten, men utan at han har formelt vern etter lov.

Også i Holmedal kom det kraftutbygging i samband med industrialisering tidleg på 1900-talet. I Bakkeelva hadde både Trollefos Uldvarefabrikk, Jens Engebø, Fredrik Rokling og Ole Lerpold sine egne, små kraftverk som dei nytta til egne føremål. Ved Trollefossen finst framleis kanalen der vatnet vart leia bort frå elva og deler av røyrgate. Andre stader der ein kan sjå spor etter slike små, tidlege private kraftverk i vassdraga er i Rørvikelva og Vikelva.

I Stongfjorden var det for lite krafttilgang til fabrikk, og ein laut difor tilføre meir kraft utanfrå. I 1928 inngjekk fabrikk avtale om levering frå Ålfoten, og i samband med dette blei det bygt ein transformatorstasjon. Denne stasjonen, som er ein murbygning,

var i bruk som transformator til 1992. Det har vore arbeidd med å få han restaurert til andre føremål. Alt inventar er tidlegare fjerna.

Deler av Askvoll fekk elektrisk straum etter ei utbygging av leidningsnettet frå nordsida av Førdefjorden i 1922, men mange bygder stod framleis utan straum. Meir fart i utbygginga kom det etter at Øvre Markevatn kraftverk i Skorva, bygt av Ytre Fjordane Kraftlag, stod ferdig i 1938. Kraftverket er det nest eldste som er i drift i Askvoll. Det fekk ny stasjon som vart sett i drift i 2008.

2.3.7 Skulehus, forsamlingshus og andre offentlege fellesbygg

Askvoll kommune har ei lang og omfattande skulehistorie. Med ein gravgrendt busetnad og dårlege kommunikasjonar laut ein ha mange skulekrinsar. Så seint som i 1960 var det 18 krinsar innanfor dei noverande kommunegrensene (mot fire i dag, pluss ein privatskule).

Frå slutten av 1800-talet og utover tidleg på 1900-talet kom det skulehus i dei fleste krinsane. Eit av dei eldste skulehusa i kommunen er skulen i Holeyvika, bygt i 1901. Det er ein enkel, liten bygning med utedo. Skulen vart nedlagt i 1956. I dag er huset eigd av Kystmuseet i Florø. Olav Johan Saltskår i Staveneset har innreidd deler av bygget til eit privat museum, men dette har han no flytta til Staveneset der han bur.

Skulehusa skulle helst stå midt i krinsen, og det var lite rom for slingringsmonn. Fleire skulebygg er difor oppførte nøyaktig mellom ytterpunktene i krinsen, på stader langt i frå folk. Eit døme på ein slik skule finn vi på Eidmind. Her var det felles krins med Follevåg, og huset står i utmarka midt mellom dei to gardane. Skulehuset vart sett opp i 1923 og krinsen vart slått saman med Askvoll då det kom vegsamband dit i 1961.

Skulen i Stongfjorden har ei spesiell historie. Skulehuset her vart bygt av fabrikkene i 1918 og driven som såkalla bruksskule. Fabrikkene og arbeidarane slapp då å betale den delen av kommuneskatten som galdt utgifter til skulevesenet. I skulehuset finst det ein del eldre undervisningsmateriale, blant anna plansjar.

Dei fleste av skulehusa i Askvoll er trebygningar, men i teglverksbygda Vårdal er skulen frå 1950 bygt i mur. Skulen her var i drift til 1994.



Skulehuset i Holeyvika



Losjehuset i Stongfjorden

Skulehusa vart nytta til forsamlingslokale for ulike tilstellingar – møte, festar og basarar. Men etter kvart kom det eigne samfunnshus i dei ulike bygdene. Dei eldste noverande bygdehusa er husa i Holmedal (1960), Askvoll (1968) og Bulandet (Fiskarheimen, teken i bruk 1971). Det mest moderne samfunnshuset har Atløy, det opna i 1993 og har seinare blitt samlokalisert med skule og barnehage. I Stongfjorden står eit litt meir særprega forsamlingshus – losjehuset Skålefjelltun. Huset vart bygt i 1936 og hørte til fråhaldslosjen i bygda. Det er no selt til private og vert nytta som galleri og kafé.

I Askvoll sentrum finn vi fleire eldre offentlege bygg. Prestegarden i Askvoll er bygt i 1905, etter at dei gamle bygningane vart rivne. Prestegarden og området ikring vart utpeika til kommunen sin tusenårsstad i 1999. I sentrum finst også to tidlegare kommunehus, "Doktargarden" (1900) og "Heradsheim" frå byrjinga av 1920-åra. Førstnemnde er selt til private. Det same er den tidlegare gamleheimen på Røyset (1938), som er planlagt riven i samband med eit nytt byggjeprojekt. Den eldste bygningen i Askvoll knytt til helsestellet er den tidlegare helseheimen på Ask (1913), som var tuberkuloseheim til 1954 og sidan vanleg kommunal sjukeheim fram til 1977.

2.3.8 Andre verdskrigen

Som kystkommune var Askvoll ein del av forsvarslina Atlanterhavsvollen under andre verdskrigen. Okkupasjonsmakta bygde fleire festningar og ei rekkje andre anlegg i kommunen, og hundrevis av tyske soldatar tenestegjorde her.



Kanonstilling på Storehaugen i Flokeneset

Ved Herland og på Sandøyyna var det flymeldepostar. På Sandøyyna var det også sett opp radarstasjon. Staveneset og Geita hadde kystvaktpostar. Dei største anlegga fanst ved Eidmind og Storehaugen i Flokeneset, der det blei bygt opp kystfort med bunkersar og kanonstillingar. Det vart også sett opp brakker og bygt vegar i tilknytning til anlegga. Askvoll sentrum var støttepunkt med hamnekaptein, signalstasjon og eit mindre kystartillerianlegg.

Dei best bevarte spora etter dei tyske krigsanlegga i Askvoll finn vi i dag på Eidmind og i Flokeneset. Av desse to er sistnemnde truleg mest intakt. Her finst det blant anna fleire bunkersar og ei stor kanonstilling vendt vestover mot Stavfjorden. Desse kulturminna har ingen særskild vernestatus.



Ikkje berre tyskarar men også allierte agentar oppheldt seg i Askvoll under andre verdskrigen, nærare bestemt i Storura ved Staveneset. Her var det god utsikt til skipsleia, og dei rigga opp radiostasjon. Helleren der agentane budde er framleis råd å finne, og i samband med ei teaterframsyning sommaren 2015 blei han vist fram for publikum.

I samband med 50-årsjubileet for freden i 1995 vart det gjort eit stort arbeid med intervju av eldre som hadde delteke i krigen. I Bulandet blei det gjort videoopptak med fleire krigsveteranar i regi av Temaparken. Dette materialet er no aktuelt å digitalisere.

2.3.9 Minnesmerke

Det finst ei rekkje minnesmerke av ulik art i Askvoll kommune som kan reknast som kulturminne. Det mest kjende er statuen i Rivedal som framstiller Ingolf Arnarson. Statuen var ei gåve frå den islandske staten og er ein kopi av statuen frå 1924 som står i sentrum av Reykjavik. Statuen i Rivedal vart avduka 17. september 1961 med stor festivitas. For nokre år sidan fekk han lyssetjing.



Minnesteinen over Nikolaus Gjelsvik

Av andre minnesmerke over enkeltpersonar finst ein minnestein i Gjelsvika, sett opp i 1941 og tileigna juristen og språkmannen Nikolaus Gjelsvik (1866–1938). I Korseberget i Askvoll sentrum er det sett opp ein minnestein med relieff av bygda sin store kunstmålar Anders Askevold (1834–1900). På kyrkjegarden i Askvoll står ein stein med bokstavane "C I S A" til minne om Christen Jensøn, Askvollpresten som i 1646 gav ut *Den Norske Dictionarium eller Glosebog*, den første norske ordboka. Her står også ein stein til minne om presten Bernt Askevold (1846–1926), som budde lenge i USA (sjå meir under 2.3.10). På Hillersøyna i Bulandet vart det i 2006 sett opp to skulpturar til minne om Berta Hillersøy og Hansine Tistel, som i 1885 berga sju mann frå drukningsdøden då skonnerten "Gungner" forliste. Skulpturane er laga av Ingun Dahlin. Ein annan skulptur i Bulandet er "Ro" av Geir Hjetland på Gjørøyna, som vart sett opp som ein del av ei kunst- og kulturløype i bygda. I Askvoll sentrum er det reist ein skulptur som framstiller kunstnaren Oddvar Torsheim, laga av Stig Eikaas.

Etter andre verdskrigen vart det reist ei rekkje steinar til minne om folk frå bygdene som fall i krigsåra. Slike steinar finn vi ved Åla i Kvammen, på Melværret og på kyrkjegardane i Holmedal, Askvoll og Værlandet. Det er dessutan sett opp ei privat minnetavle i Staveneset til minne om to norske og to britiske flygarar.

I sentrum av Holmedal finst det også ein stein til minne om dei som fall i krigsåra 1807–1814.

I Bulandet er det i 2019 sett opp ei minneplate for dei som omkom då fiskebåten "Føygutten" forliste ved Gjørøyna i 1953.

2.3.10 Arkiv og fotografi

Fysisk arkivmateriale som kan fortelje om fortida til Askvoll finst i ei rekkje samlingar. Statleg arkivmateriale finn vi i Riksarkivet i Oslo og hjå Statsarkivet i Bergen. Det eldre kommunale arkivmaterialet forutan ein del private arkiv frå Askvoll er oppbevart hjå Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane på Hermansverk. I ein safe i kjellaren i Heradsheim i Askvoll finst ein del avskrifter av offentleg kjeldemateriale frå eldre tid. Desse avskriftene blei tekne i samband med bygdebokarbeidet i Askvoll på 1950- og 60-talet.

På biblioteket i Askvoll er det laga til eit eige rom som inneheld boksamlinga til presten, læraren og forfattaren Bernt Askevold (1846–1926). Forutan fleire hundre bøker som dekkjer mange emneområde finst her også seks store, handskrivne bøker som Askevold sjølv har forfatta. Desse inneheld hans eigne livsminne og ei rekkje forteljingar knytt til bygda si historie. I rommet finn vi også ein del annan lokal litteratur og kjeldestoff. På biblioteket finst dessutan eit maleri av kunstnaren Anders Askevold.

Av fotografiske samlingar knytte til Askvoll kommune er Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane den viktigaste. Institusjonen har avfotografert og digitalisert foto frå kommunen i fleire rundar. Eit søk på "Askvoll" i det digitale fotoarkivet deira gjev 1886 treff. Det finst elles mange foto i dei lokale bygdemusea i Bulandet, Værlandet og Holmedal. I Bulandet har det lokale fiskarkvinnelaget samla inn foto blant anna etter den lokale fotografen Sivert Halsøy. Originalane av desse finst på Kystmuseet i Florø.

2.3.11 Immaterielle kulturminne

Til den immaterielle kulturarven høyrer mange område, mellom anna språk, utøvande kunst, sosiale skikkar, tradisjonell handverkskunnskap, ritual og kunnskap og ferdigheiter knytt til naturen. Sidan feltet er så omfattande, må dei eksempla som er omtala her, på ingen måte reknast som utfyllande.

Tidlegare er nemnt ordboka til Christen Jensøn frå 1646 (sjå 2.3.9). Boka inneheld omkring 900 oppslagsord med synonym og forklaringar, forutan teikning av to primstavar, ein for vintertida og ein for sommartida. Torleiv Hannaas og Ragnar Bull har undersøkt den seinare bruken av det same ordtilfanget og funne at mange av orda i ordboka framleis vart nytta på 1900-talet, mens nokre var gått ut av bruk. Bull har også gjeve ut ei bok med utdrag av sorenskrivaren Hans Arentz' manus *Beskrivelse over Søndfjord i det nordre Bergenhusiske amt* frå 1785, som skildrar Sunnfjord med folk, kultur, næringsvegar, mat- og drakttradisjonar, utbygging av infrastruktur og landskap.



Ved Helle Fabrikker i Holmedal vert knivhandverket halde i hevd

Eit døme på kunnskap knytt til naturen er fiskarane sin kjennskap til lokale fiskeplassar og fiskeméd. I ein artikkel i *Sogehefte for Askvoll kommune nr. 14* (2001) gjev Harald Leite eit oversyn over nokre fiskeplassar utanfor Værlandet og Bulandet. Han forklarar også bakgrunnen for namnet på plassane.

Det finst mange slags typar historisk handverkskunnskap som vert halden i hevd i Askvoll. Eit døme på dette er Helle Fabrikker i Holmedal sin produksjon av knivar. Ved fabrikkjen er det i løpet av mange år opparbeidd ein rik kunnskap innanfor estetikk, materialeigenskapar og knivbrakarane sine behov. Eit anna døme er miljøet kring Bakkejekta som har samla seg erfaringar innan vedlikehald av ein tradisjonsbåt.

Lokale eventyr, soger og forteljingar er ein viktig del av den immaterielle kulturarven. Ein pioner innanfor arbeidet med å samle slikt materiale var Nikka Vonen i Dale, og fleire av forteljingane ho samla har tilknytting til stader i Askvoll, til dømes den munnlege tradisjonen om opphavet til bautasteinane i Kleppeneset og Rivedal. Ein annan folkeminnesamlar var ingeniøren Paul Gerhard Fismen (1875–1963) frå Fristad. I 1931 gav han ut heftet *Jorunn i Alda* med ei gammal segn skriven på lokal dialekt. Segna kom ut i ein omarbeidd versjon ved Heidi Hattestein i 2010 illustrert av Kristin Nikøy.

Ein annan viktig forfattar som var med på å fremje den lokale forteljarkunsten, var Mathias Askevold (1854–1919). Han fekk gjeve ut ei rekkje småstubbar, historier og skrøner som både stod på trykk i ulike aviser og kom i bokform. Askevold skreiv på nynorsk og dialekt, og litteraturen hans nådde ut til svært mange.

Mange slags småstykke, forteljingar, dikt og ulike typar tekstar finst i lagsavisene som dei lokale ungdomslaga heldt seg med. Desse avisene var handskrivne og innskrivne i protokollbøker og blei leste opp på lagsmøta. Mange av protokollane er bevarte og finst i samlinga til biblioteket i Askvoll.

Ein annan del av den immaterielle kulturarven er den som gjeld musikk, song og dans. Ein viktig lokal utøvar av folke- og tradisjonsmusikk er Dalsfjorden Spelemannslag. Laget blei lagt ned i 1967, men starta opp att i 1976 med mange av dei gamle kreftene. Blant dei som deltok frå nordsida kan nemnast Jarl Audun Rivedal, Magne Leiknes, Jostein Haaland, Jon Helleset, Leif Sagosen og Steinar Rivedal. Spelemannslaget gav ut eigen kassett i 1993.

DEL 3 – HANDLINGSDEL

3.1 Mål

Kulturminneplanen skal sikre at:

- vi får kartlagt, tatt vare på og synleggjort eit breitt spekter av kulturminne og kulturmiljø i Askvoll kommune
- det blir lagt til rette for at dei ulike kulturminna kan opplevast og gje kunnskap om fortida gjennom formidling og andre tiltak
- dei mest verdfulle kulturminna vert skjerma frå ytre påverknad og skade slik at dei ikkje går tapt. På sikt kan det vere aktuelt å opprette omsynssoner der det er påkravd

3.2 Planperiode

Planperioden for denne planen er 2019–2023. I slutten av perioden skal planen takast opp til evaluering med mål om å få utarbeidd ein oppdatert plan for neste fireårsperiode. Det kan vere aktuelt å vidareføre mykje av oversynet over kulturminna (del 2) i den nye planen.

3.3 Ressursar til arbeidet

Arbeid med kulturminne er krevjande, både i tid og pengar. Mange faste kulturminne er dyre å restaurere og halde ved like, ikkje minst bygningar. Også lause kulturminne krev ressursar når det gjeld oppbevaring, vedlikehald og formidling.



Dampen kjem til kai i Holmedal i 1906

Askvoll kommune har ikkje tidlegare løyvd ein fast, årleg sum til lokalt kulturminnearbeid. Kommunen ser no likevel på dette arbeidet som så viktig at ein vil opprette ein fast post på budsjettet kalla *kulturminnemidlar* på 100 000 kroner per år. Kommuneadministrasjonen har forholdsvis små personalmessige ressursar til å gjennomføre kulturminnearbeid, og er heilt avhengig av eit godt samarbeid med fylkeskommunen, organisasjonar og enkeltpersonar.

Kommunen vil særleg framheve det arbeidet bygdemusea i Holmedal, Bulandet og Værlandet gjer for å ta vare på lokale kulturminne og formidle lokalhistorie. Det er viktig at dei som driv desse musea får tid og ressursar til å drive museumsarbeid framfor å måtte samle inn pengar til drifta. Dei nemnde musea vil kunne få ein fast, årleg driftsstøtte frå kulturminnemidlane etter søknad, mot at dei lagar aktivitetsplanar som inngår i ein tilskotsavtale. Også private grunneigarar og andre vil kunne søkje om tilskot frå kulturminnemidlane, t.d. til restaurering og vedlikehald av bygningar. Tilsette i kommuneadministrasjonen vil dessutan kunne hjelpe med søknadsarbeid i høve tilskot frå Kulturminnefondet og fylkeskommunale midlar.

3.4 Prioritering av kulturminne

I planprogrammet er det lagt til grunn ei prioritering av følgjande kulturminne: Fortidsminne, bygningar og industrihistorie. Av fortidsminne er bergkunsten på Staveneset rekna å vere av særleg stor verdi. Saman med gravrøysene i nærleiken utgjer dei eit unikt kulturmiljø. Figurane er i dag nedslitne av vêr og vind, og nokre av dei er vanskelege å sjå. Tilrettelegginga av feltet for besøkjande fungerer dårleg og treng fornying. Askvoll kommune er i dialog med fylkeskommunen om å starte arbeid med dette og vil gje prosjektet høg prioritet.

Når det gjeld bygningar, så går det fram av oversynet at dette er eit svært omfattande felt innanfor kulturminna. Dei fleste bygningane er privat eigde, og berre eit fåtal av dei er freda. Kommunen vil som nemnt kunne gje støtte til vedlikehald og restaurering i privat regi når ein har fått på plass årlege kulturminnemidlar. Askvoll kommune vil prioritere å gje slik støtte til dei bygningane som er nemnde i planen under punkt 2.2.5, 2.3.1 til og med 2.3.7. Blant kyrkjene er Vilnes kyrkje som den eldste i kommunen særleg høgt prioritert som kulturminne.

Også industrihistoria er ein stor kategori av kulturminne, og kommunen vil prioritere å gje støtte til dei industrimiljøa som er omtala under punkt 2.3.2. Askvoll kommune vil støtte seg på innspel og prosjekt frå bygdemusea og velforeiningane som gjeld dei nemnde punkta, og gje slike prosjekt prioritet.

Automatisk freda kulturminne har ei 5 meter brei sikringssone og er bandlagde i kommuneplanen sin arealdel. I tillegg er det oppført i alt 22 omsynssoner i planen som omfattar kulturmiljø. I planen heiter det om desse sonene:

Omsynssonene omfattar område som har særleg verdi som kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap. I desse områda skal kulturminneverdiane prioriterast og vektleggast ved handsaming av søknad om tiltak i områda. Føreslåtte tiltak bør fremje vern av kulturminnet eller kulturmiljøet. Tiltak skal lokalisast og utformast slik at dei underordnar seg eller byggjer opp om eksisterande kulturmiljø og kulturlandskap. Det skal ikkje gjevast løyve til tiltak som kjem i konflikt med verdifulle kulturminne, forstyrarar

heilskapen i kulturmiljøet eller kulturlandskapet eller reduserer eksisterande kvalitet og opplevingsverdi (føresegner og retningslinjer, pkt. 9.1d).

I løpet av planperioden vil ein komme i gang med å vurdere om det er fleire kulturminne og/eller kulturmiljø i kommunen treng særskilt vern gjennom omsynssone eller reguleringsplan. Dette gjeld til dømes kaiområdet i Holmedal (handel/industri), Øyra i Askvoll og naustrekkja i Nærvika ved Vilnes. Eventuelle reguleringar vil bli tekne inn i kommuneplanen sin arealdel, som skal gjennomgåast og fornyast i 2025.

Formidling av kulturminne er ei stor og viktig oppgåve som Askvoll kommune har satsa, og vil satse vidare på. Dette må skje både gjennom skulen, frå administrasjonen si side og gjennom bygdemuseum og andre lokale organ. Kommunen vil kunne gje støtte til ymse formidlingstiltak når ein har fått på plass årlege kulturminnemidlar.

3.5 Tiltak

Prosjekt/ansvarleg	Tiltak i 2019	Tiltak i 2020	Tiltak i 2021–2023
Bergkunst i Staveneset (kommuneadm., fylkeskommunen og skulane)	<ul style="list-style-type: none"> - Fjerne gamle betongfundament - Setje opp nytt skilt ved vegen - Få til skjøtselsavtale med grunneigarane - Skjøtselsdag med 10. klasse ved Askvoll skule - Rette førespurnad til mobiloperatørar om betre mobildekning i området 	<ul style="list-style-type: none"> - Setje i gang med inngjerding og skjøtsel (beiting) - Utarbeide plan for utvida parkering og kulturløype med QR-kode - Formidling til skulane gjennom prosjektarbeid og besøk i området 	<ul style="list-style-type: none"> - Vurdere fortløpande skjøtsel - Anlegg av utvida parkering og kulturløype med QR-kode - Formidling til skulane gjennom prosjektarbeid og besøk i området
Kulturminnemidlar (kommuneadm., kommunestyre)	<ul style="list-style-type: none"> - Løyve 100 000 til kulturminnemidlar på neste års budsjett 	<ul style="list-style-type: none"> - Løyve 100 000 til kulturminnemidlar på neste års budsjett - Handsame søknader om støtte 	<ul style="list-style-type: none"> - Løyve 100 000 til kulturminnemidlar på neste års budsjett - Handsame søknader om støtte
Vurdering av verneverdige kulturminne og miljø som er nemnt i kulturminneplanen (kommuneadm., kommunestyre)	<ul style="list-style-type: none"> - Vurdere behov for omsynssoner eller reguleringsplanar, eventuelt utarbeide føresegner i slike tilfelle. Arbeidet må koplatt til arbeidet med rullering av kommuneplanen sin arealdel 		
Formidling av kulturminne (kommuneadm., fylkeskom., skulane, velforeiningar, bygdemuseum o. l.)	<ul style="list-style-type: none"> - Gjennomføre årleg lokalhistorie-/kulturminnedag - Gjennomføre prosjektarbeid ved skulane om lokalhistorie/kulturminne - Leggje til rette for og gjennomføre skulebesøk ved næraste bygdemuseum og turar i kulturløypene - Fullføre kulturminneløypa i Holmedal (2019) - Vurdere bevarings- og formidlingsprosjekt for Øyra i Askvoll 		
Samarbeid (kommuneadm., fylkeskom., skulane, velforeiningar, bygdemuseum o. l.)	<ul style="list-style-type: none"> - Leggje til rette for og oppretthalde eit godt samarbeid og tett kontakt om bevaring av prioriterte kulturminne og aktuelle prosjekt for restaurering, vedlikehald og formidling. 		
Registrering (kommuneadm.)	<ul style="list-style-type: none"> - Leggje til rette for at privatpersonar kan kartleggje nye kulturminne og registrere dei på kulturminnesok.no. Drive opplysningsarbeid om dette 		

Kjelder

Litteratur

Aaraas, Margrethe Henden, Torkjell Djupedal, Sigurd Vengen og Finn Borgen Førsund: *På kyrkjeferd i Sogn og Fjordane. 1. Nordfjord og Sunnfjord*. 2000.

Flokenes, Kåre: *Stadnamn i Askvoll*. 1999.

Helle, Turid: *Kulturlandskap og kulturmarkstypar i Askvoll kommune. Kulturlandskap og kulturmarkstypar i Sogn og Fjordane, bruk og vern. Rapport 14*. Sogn og Fjordane distriktshøgskule, Avdeling for landskapsøkologi. 1990.

Loftheim, Abraham: *Askvoll bygdebok I*. 1963.

Losnegård, Gaute: *Havfolk og fjordfolk. Allmennsoge for Askvoll bind I*. 2009.

Losnegård, Gaute: *Havfolk og fjordfolk. Allmennsoge for Askvoll bind II*. 2011.

Sogehefte for Askvoll kommune nr. 14. 2001.

Tyssen, Asbjørn: *Askvoll kommune. Plan for vern av kulturminne*. 1994.

Nettstader

Askvoll kommune (www.askvoll.kommune.no)

Destinasjon Vest (www.destinasjonvest.no)

Dokumentasjonsprosjektet (www.dokpro.uio.no)

Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane (www.fylkesarkivet.no)

Fylkesatlas (www.fylkesatlas.no)

Kulturminnesøk (<https://kulturminnesok.no>)

Lovdata (<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1978-06-09-50>)



Gammal steingard på Eidmind

Register

Ask helseheim	33	Herland krabbefabrikk	24
Askevold, Anders, minnest.	35	Herland, krigsminne	34
Askevold, Bernt	8, 35, 36	Hillersøy, Berte og Hansine Tistel,	
Askevold, Mathias	37	minnestein	35
Askvika-Eidsfjorden, kulturlandskap		Hindøyna, hamn	29
	26	Holevik, skulehus/museum	8, 32
Askvoll hermetikkfabrikk	24	Holmedal, båtfunn	14
Askvoll kyrkjestad/kyrkje	17, 21	Holmedal, industrimiljø	11, 24, 41
Askvoll prestegard	33	Holmedal bygdehus	33
Askvoll samfunnshus	33	Holmedal bygdemuseum	8, 24
Askvoll sogenemnd	7, 8	Holmedal gard	27
Atløy samfunnshus	33	Holmedal kyrkjest./kyrkje	17, 21
Bakke, gardstun	6, 27	Indre Håland, bualoft	28
Bakkejekta	29	Ingolf Arnarson	9, 15, 35
Botnastølsvatnet, demning	31		
Brekka i Løvika, gl. veg	30	Jorunn i Alda, segn	37
Bulandet, fiskevær	11, 24, 25		
Bulandet bedehuskapell	21	Kleppeneset, bautastein	15, 37
		kulturløyper	8
Christen Jensøn, minnest.	35, 36	Kvammen, kulturlandskap	26
		Kvammen kapell	21
Dalsfjorden spelemannslag	38		
Doktargarden, Askvoll	33	Leirvåg, bergkunst	7, 15, 16
		Leite, Harald (fiskeméd)	37
Eidmind, krigsminne	34	Lia, fjellgard	27
Eidmind skule	32	Liavika, steinnaust	25
Eikesnes, kulturlandskap	26	Løvika, kvern	27
Engelbua, Værlandet	8, 25		
		"Makrelen", rogavl	30
Fiskarheimen, Bulandet	33	Mjåset, kulturlandskap	26
Fjellet, fjellgard	27, 28		
Fossedalen, kulturlandskap	26	Nedre Tveit, gardstun	27, 28
"Føygutten", minnesmerke	36	Nærvika, naustmiljø	5, 41
Geita fyr	29	"Orm Jarl", skipsvrak	30
Gjelsvik, Nikolaus, minnest.	35	Osland, rideveg	31
Gjelsvika, kulturlandskap	26		
Gjelsvika, kvern	27	"Pierre et Adolphe", skipsvrak	
Grimelia, gruvedrift	4, 11, 22		30
Grimelia, kulturlandskap	26	"Provessen", skipsvrak	30
Halsøy, Sivert, fotograf	36	"Ramfos", skipsvrak	30
Helle fabrikker	37	Ringstad, mellomalderbu	17
Helle og Vårdal, teglverk	11, 23	Rivedal, bautastein	15, 37
Heradsheim, Askvoll	33	Rivedalsstølen, kulturlandskap	
Herland, kulturlandskap	26		26

Raudøyyna, kulturlandskap	26
Rørvikelva, kraftanlegg	31
Røyset, lensmannsgard	27
Sandøyyna, hamneanlegg	29
Sandøyyna, krigsminne	34
Sandøyyna, kulturlandskap	26
Sauesundet, gjestgjevarstad m. m.	30
Sellevold, husmannsplass	28
Skorvebotnen, husm. plass	26
Smelvær, kulturlandskap	26
"Stangfjord", skyssbåt	29
Staveneset, bergkunst	7, 15, 16, 40
Staveneset, krigsminne	34-35
Stong, kulturlandskap	26
Stongfjorden, industrimiljø	8, 11, 23, 31-32
Stongfjorden bedehuskap.	21
Stongfjorden losjehus	33
Stongfjorden skule	32
Storehaugen (Flokeneset), krigsminne	34
Storevik, kulturlandskap	26
Størdal, kulturlandskap	26
Temaparken i Bulandet	7, 8, 25, 27, 35
Trollefossen kraftanlegg	24, 31
Tveit-Hålandsstølen, kulturlandskap	26, 28
Tvibyrge, kulturlandskap	26
Veten	28
Vikelva, kraftanlegg	31
Vilnes, kulturlandskap	26
Vilnes kyrkjestad/kyrkje	8, 17, 20, 40
Vilnes, steinkross	10
Vonen, Nikka, folkeminne	37
Værlandet bedehuskapell	21
Værlandet, sjøhusmiljø	25
Vårdal skule	32
Øvre Markevatn kraftstasj.	32
Øyra, husmannsplass	28, 41